

IL Harding (tidl. Kinsarvik IL)  
5780 KINSARVIK

Hordaland fylkeskommune

12 SEPT 2016

Kinsarvik, 08.09.2016

Hordaland Fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
v/Björg Larsen  
Pb 7900  
5020 BERGEN

## **Tilskot til lokale kulturbygg 2014, anleggsnr 1231 0055 01 Kinsarvikhallen kulturdel**

Viser til dykkar brev av 12.09.2014 (ref.nr. 2014/543-72) vedr tildeling av kr. 432.000 til «Kinsarvikhallen kulturdel».

Til dykkar informasjon:


- Aktiviteten i Kinsarvik IL er i 2016 flytta over til IL Harding etter samanslåing med Ullensvang Turn & Idrettslag.
- Fleirbrukshallen («Fjordahallen») er i løpet av 2016 flytta over i selskapet Fjordahallen AS som er 100% eigd av nye IL Harding.

Desse grepa er gjennomført for å få ei meir helskapleg og teneleg organisering av idretten i Ullensvang Aust.

Grunna sær stor grad av eigeninnsats/dugnad ved bygginga av Fjordahallen, er ferdigstilling av denne vorte forseinka. Hallen er venta å vera ferdig inn under jul 2016. Etter dette treng lag og organisasjonar noko tid på å «gå seg til», og å få oversikt over og innhenta pris på nødvendig inventar og utstyr. Pr dags dato er det gjort innkjøp til kulturdelen for til saman kr. 1.048.699.

På grunnlag av at bygging av Fjordahallen er sær forseinka, ber me om frist til utgangen av juni 2017 for disponering og rapportering av tildelte kulturhusmidlar.

På vegne av IL Harding og Fjordahallen AS



Terje S. Bråvold

-økon.ansv. Fjordahallen-